


# K Y R K J E B L A D

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 4

Oktober 1992

46. årg.



*Kyrkja ho er eit gamalt hus,  
stend om enn tårni mun falla.  
Tårn etter tårn dei sokk i grus,  
endå kan klokkene kalla,  
kalla på gamal og på ung,  
mest då på sjeli trøytt og tung,  
sjuk for den evige kvila.*

*Me er Guds hus og kyrkje her,  
bygde av levande steinar,  
som under kross med ærleg gjerd  
trua og dåpen sameinar.  
Var me kje fleir enn to på jord,  
ville han bu med livsens ord  
hjá oss med all sin nåde.*

*Gjeve då Gud, der me skal bu,  
alltid når klokkene lokkar,  
folket i sambynd kristentru  
glade i kyrkja seg flokkar.  
"Verda vel ei, men deg me ser;  
alt som eg seier, sjå det skjer!  
Fred vere over dykk alle!"*

*Omsett frå dansk av Anders Hovden.*

«Jeg er rik,» sa jeg til en nabo forleden.

«Strålende,» svarte naboen, «fred med Gud og kjærlighet til våre medmennesker er den største rikdom vi kan eie.»

«Det var ikke det jeg mente,» sa jeg. «Jeg har hus og bil, TV og oppvaskmaskin, mat i fryseren og spennende ferieplaner.»

«Å, slikt noe,» svarte naboen og trakk på skuldrene. «Ord kan ha de forskjelligste betydninger.»

Ingen er rik uten å eie noe. Men hva slags eiendom som gir oss følelse av rikdom, varierer ganske mye. Noen rikdommer

bærer vi inni oss slik at ingen røvere kan nå dem. Slike rikdommer øker når vi deler dem med andre. Så fins det rikdommer som vi er redde for å miste. Vi bruker tid og krefter på å verne om dem. Hendene våre blir opptatt med å holde fast, og vi mister evnen til å gi.

Bibelen forteller oss en viktig sannhet om det vi eier. Hele skaperverket tilhører Gud. Det vi har, har vi fått av ham for å forvalte det slik han ønsker: «Jorden og det som fyller den, verden og de som bor i den, alt hører Herren til» (Sal 24,1).

En forvalter er en som tar vare på noe for eieren. Både evner, penger, tid og krefter skal stå til disposisjon for Gud. Han unner



## MIN RIKE NABO

Aksjonen er satt i gang og gjennomføres av MENTOR  
Tekst: Vidar Kristensen Illustrasjon: Ruben

oss det gode, men advarer oss samtidig mot egoisme. Det vi har fått, skal vi bruke, ikke klamre oss til.

Dette forsøkte naboen min å forklare meg. Det hender vi blir stående å prate temmelig lenge sammen når vi treffes. Selv om naboen av og til kan bli temmelig nærgående, får jeg likevel en følelse av å stå overfor et menneske som vil meg vel. Hensikten er aldri å henge ut mine svakeste sider.

Naboen min er et rikt menneske, det kan jeg se på øynene. De avslører glansen fra innvendige skatter.

«Hvor får du rikdommen din fra?» spurte jeg.

«Den er ikke min,» lød svaret. «Den tilhører Gud. Det er han som har gitt meg den, og jeg ønsker å gi den tilbake til ham gjennom andre mennesker.»

«Kan du lære meg noe om det?»

«Jeg skal lære deg et vers av den sangen du fikk refrenget på her om dagen, så skal du få ett vers til neste gang vi snakkes.»

Så sang naboen for meg:

*Det krever øvelse å lære kunsten  
å balansere det å ha og det og gi.  
Gud hjelp oss til å ofre etter evne;  
la givergleden komme for å bli.*

Dette er den andre artikkel i en serie på fem, der vi ønsker å fortelle deg hva Bibelen sier om å gi gaver til kristent arbeid. Vi vil gjerne at du gir til arbeidet vårt, men håper at denne serien kan hjelpe deg til å gjøre det med glede. Fordi Gud vil, og ikke fordi vi «måser». En fast og ordnet givertjeneste er like viktig for deg som for oss.

Disse organisasjonene er med

- Blå kors
- Den Norske Diakonhjem
- Det Norske Lutherske Indremisjonselskap
- Det Norske Misjonsforbund
- Den Norske Santalmisjon
- Den Norske Sjømannsmisjon
- Hjemmenes dåpsring
- IKO
- KABB
- Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag
- Norsk Lærarakademi
- Norges Samemisjon
- Norsk Søndagsskoleforbund
- Vårt Land Bladmisjon

## EIN LUKKELEG JØDE

Siddi Deutsch:

-Eg er ein lukkeleg jøde

-Eg er ein lukkeleg jøde. Det vart eg då Jesus Messias kom inn i mitt liv. Han tok hatet frå meg og gav meg eit liv i kjærleik i staden. No vil eg vitna om han både til mine jødiske vener i Israel og andre land, og til alle i Noreg; mitt kjære heimland. Jesus er Messias for alle.

Det er den jødiske kvinna Siddi Deutsch som seier dette. Ho bur no sør for Bergen og reiser mykje på møte og samlingar for truande i mange samanhengar. Vitnesbyrdet hennar fenger; både avdi ho som jøde har funne fram til Kristus-tru, og avdi ho har bak seg eit liv i frykt, forakt og fortvilning som fleire gonger heldt på å overmanna henne. Ho opplevde gjennom alle trengslene at Gud heldt si hand over henne.

Barneåra var i Romania. Som ung kvinne flykta ho til Russland då den andre verdskrigen herja i Europa.

Ho seier sjølv at åra nær Ural-fjella i Russland var fryktelege. Det var eit under at ho overlevde flukten dit, og flukten derifrå etter at krigsredslene var over.

Som jøde opplevde ho å verta trakkassert og spotta på kvar hø kom. I Polen opplevde ho at polakkane la posar med ekskrementer ved ytterdøra deira. Jødar som vart drepne, vart også hengde opp i slakteriforretningar med påskrifta: Kosher kjøt.

I 1947 kom ho til Noreg, og møtte kristen omsorg og nestekjærleik. Her fann ho fram til frelse i Jesus Messias. Ho har fått nåde til å kunna tilgje. No elsker ho alle, og overlet til Gud å døma. Sjølv gamle nazistar har ho stått ansikt til ansikt med og tilgjeve og utvist kjærleik overfor. Ho vart fødd til forakt, men er no frelst til fridom. Ho er ikkje direkte ei frukt av Israelsmisjonens arbeid, men er eit levande døme på Israelsmisjonens målsetting om å forkynna evangeliet for jødane, visa dei kristen nestekjærleik og vekkja ansvar for det jødiske folket.

(KPK)

## Men frels oss frå det vonde

nokon går frå meg  
ver hos meg  
nokon slår meg  
trøyst meg  
nokon ertar meg  
sei du er min ven

rekk meg di hand  
Gud  
når eg har det vondt  
eg vil gå saman  
med deg

det var så mørkt  
alt var så trist  
sola gjekk ned  
Gud  
du er i lyset  
der framme

Skriven av Oskar Stein Bjørlykke.  
Frå heftet «Fader vår», IKO-forlaget 1991.  
Trykt med samtykke.

## BIBELN

**-Bibelen peikar på «the real thing»**

-Bibelen og Coca Cola er toppselgjande produkt i kvar sin marknad. Men det er Bibelen som verkeleg kan peike på «the real thing»! Det seier Kåre Nordlie, den nye forlagssjefen i Det Norske Bibelselskap og Verbum forlag. Han har mellom anna vore marketingsjef i Coca Cola Noreg.

Det er Bibelen som peiker på den verkelege tørsteslökkjaren, understrekar Nordlie. For Jesus seier: «Den som drikk av det vatn eg vil gje han, skal aldri meir tørste.» Det løftet kunne ikkje Nordlie kome med den gongen han hadde ansvaret for reklamen til Coca Cola i Noreg.

(KIT)





## DÅPSOPPLÆRINGSPLAN

- Alle døpte skal få dåpsopplæring -dåpsopplæring er ikkje noko nytt i Noreg, langt i frå. Det nye med dåpsopplæringsplanen er at vi nå skal tenkje heilskap. Vi ser på kor opplæringa skjer, og kva som manglar på at alle døpte barn får den opplæringa som foreldra og kyrkjelyden har lova å gje dei.

Asbjørn Hirsch snakkar gjerne om Plan for dåpsopplæring i Den norske kyrkja. Han er prosjektleiar for innføringa av planen, og reiser land og strand rundt for å møte kyrkjefolk på både regionalt og lokalt nivå.

-Eg møter mykje positiv respons, seier Hirsch. -Men somme spør: «Kven skal gjere dette?» og «Kva kostar det?». Svaret mitt er at vi må starte der vi er, med det vi

## AKSJONSVEKE I BERGSDALEN

6. til 11. oktober var det aksjonsveke i Bergsdalen kyrkje. Det var Magnus Solvakk fra DVI, som tala, og tema for møta var «Eit møte med Jesus». Han var mellom anna innom Bartolomeus og Israelfolket si vandring gjennom ørkenen.

Per Småbrekke fortel at av songkrefter deltok Dale Kyrkjekor og ei lokal gruppe frå Vaksdal i tillegg til Magnus Solvakk.

Til venstre ser me at det ikkje berre er vaksne på møta. Her er vesle Elisabeth Lid Trøen saman med mamma, Ragna Lid.

har. Og då ser dei fleste litt lysare på utfordringa.

Hirsch innrømmer at det er langt fram til at kyrkja når alle døpte med den opplæringa dei har rett på. -Spenninga mellom dagens røyndom og det vi kunne ønskje oss, er stor, og vi treng realisme. Mange kyrkjelydar disponerer små ressursar. Der er klart at med fleire folk og meir pengar, kunne vi fått til betre dåpsopplæring. Likevel trur vi at lokal planlegging i kyrkjelydane kan føre til noko. Dåpsopplæringa skal ikkje vere lik i alle kyrkjelydar, det er ikkje meininga. Poenget er å komme i gang der kvar einskild kyrkjelyd står i dag, med noko som er tilpassa den lokale situasjonen.

Hirsch understrekar at dåpsopplæringsplanen ikkje er meint å skape konkurranse med heim, skule og barnehage. -Alle desse stadane kan det finne stad mykje god dåpsopplæring, og det er bra, for alle gode krefter må trekkje saman for at alle døpte kan bli nådd med opplæring. Poenget med å lage lokale dåpsopplæringsplanar er jo nettopp å tenkje heilskap. (KIT)

## SØNDAGSSKULENS DAG



Born og vaksne syng under Søndagsskulens Dag i Vaksdal kyrkje. (Foto: Kristin Boge Bildøy).

Søndag 6. september vart Søndagsskulens Dag avvikla på Vaksdal. Det var Vaksdal Søndagsskulelag saman med Vaksdal Søndagsskule som stod for avviklinga.

Det heile starta med familiegudsteneste

der sokneprest Meidell forretta. Borna tok del med song saman med nokre søndagsskuleleiarar. Etter gudstenesta var det tid for mat og drikke og uteaktivitetar. Dagen vart så avslutta med ei lita songstund i kyrkja.

## KVAR ER HAN?

**Han med den gule jakka...**

«Kven var han i den gule jakka? Han har vore i kyrkja mange gonger no. Eg undrast kven han er...?»

Slik sat vi og prata med gode vener over kaffikoppene ein søndag ettermiddag. Alle hadde vi lagt merke til denne «nye mannen», men ingen hadde freista å bli betre kjent med han. Kanskje var han i kyrkja berre reint tilfeldig. Vi ser han i alle høve ikkje no lenger....

(KIT)

## NY KYRKJEVERJE

Lars Hjelmeland frå Åsane er tilsett som ny kyrkjeverje i Vaksdal Kommune. Han skal mellom anna har ansvaret for vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar. Sokneråda i Vaksdal Prestegjeld ynskjer Hjelmeland hjarteleg velkomen til kommunen.

## Samtale med presten


Prestane står til disposisjon for samtale. Avtal helst på telefon på førehand. Prestane har teieplikt.



# Rot i Bibelgeografien.

I bokstav-virvaret kan du finna omlag 30 stadnamn. Alle namna kan du også finna på karta bak i Bibelen som vedrører det nye testamentet. Orda står både loddrett,

vassrett og på skrå. Set ring rundt orda med ein blyant etter kvart som dei dukkar opp. Nokre namn kan du finna fleire gonger. (KPK)



# 50- og 60-års konfirmantar i Dale Kyrkje

Søndag 20. september var 50- og 60-års konfirmantane samla på Dale til

gudsteneste og fest. Nedanfor ser me dei samla på kyrkjetrappa i Dale Kyrkje.



50-års konfirmantane: Framme fv.: Randi Bruvik Austbø, Grete Stanghelle Bondevik, Anna Salberg Ramsli, Jørgina Tunestvedt og Lilly Vatle Vågen. Bak fv.: Sigfrid Zakariassen Helle, Ada Grenasberg Thunestvedt, Otto Johan Sæterdal, Ole Gilje Dale, Anny Vatle Kvamme og res. kap. Kjell Arne Norum



60-års konfirmantane: Framme fv.: Ingebjørg Bruvik, Ida Langhelle, Aslaug Myhre Lillenes, Birgit Kvamme og Agnes Vedå Rongved. I midten: Kjærlaug Sæterdal og Ingeborg Helle Hanevik. Bak fv.: Ingeborg Haug Totland, Arvid Kleveland, Johan Takvam, Svanhild Rongved Ekanger og Solveig Myklebust Skreien.



## DALE BEDEHUS

Endeleg kan ein ta i bruk delar av bedehuset på Dale. Byggjstart for huset var i 1987, seier Ottar Dalseid. I første omgang er det småsalen, hall/garderobe, kjøken og toalett som vert teke i bruk. For kristen flokken på Dale er det ei glede at mykje slit endeleg gjev resultat.

I førre veke var det basar i det nye huset og 10. til 15. november skal det vera møteveke i huset.

Talarar vert mellom anna Kåre Hellem, Asle Hetlebakke og Reidun Skurtveit. Laurdag 14. november vert det ungdomssamling i kyrkja kl. 21.00 og nattkafe på bedehuset etter på.

## MØTEVEKE STANGHELLE

3. til 8. november vert det møteveke på Stanghelle Bedehus. Talar vert Alfred Helland og ymse songkrefter deltek.

## BIBELSKULE FOR UNGDOM

22. oktober starta det opp med bibelundervising i Dale kyrkje kl. 19.00. Dei neste gongane er 5. november med tema "du skal ikkje bryta ekteskapet", og 19. november med tema "trua". Det er Kjell Arne Norum som har timane.

Slik ser ofte benkane i kyrkja ut for presten oppe frå preiketolen

## MENSLIKVILLEDETSJÅUTOMALLE TOKMEDSEGEINANNANIKYRKJA

*(Saksa frå kyrkjelydsbladet for Nedre Eiker)*

## PRESTEGARDSVIGSLING PÅ STAMNES



*Prost Knudsen heldt vigsletale*

Sundag 6. september var det vigsling av det nye gravfeltet ved Stamnes kyrkjegard. Det heile starta med gudsteneste ved Meidell og prost Knudsen.

Etter gudstenesta heldt Knudsen vigsletale og sa mellom anna at å hegna om ein kyrkjegard, og på den måten ta vare på arven frå forfedrane, var "kulturarbeid av beste merke".

Etter vigslinga kalla Stamnes sokneråd inn til samling i bedehuset. Harald Neset leia samlinga og gjorde greie for framdrifta i arbeidet med kyrkjegarden. Frå saka første gong vart teken opp i 1979 gjekk det altså 13 år til det var ferdig.

Jon Straume, Mari Odland Trefall, Frode Raymond Vik og Julia Harbrecht underheldt.

Hans Sundvor retta på vegne av familiane Nyttun og Hesjedal takk for at bautaen over deira kjære som omkom i 2. verdskrig no hadde fått ein verdig plass framfor kyrkja. Otto Berg og Edvard Jarle Bolstad fekk blommar frå kyrkjelyden.

*(Ove Magne Straume).*

## BARNEKLUBBEN DALE



Dale kyrkjelyd sin barneklubb er i gong att etter ferien, og det er møte i prestebustaden annankvar tysdag. Born frå 4 år og oppover kan vera med. Føler nokon trong for at mamma/pappa er med dei fyrste gongane er det høve til det.

Oversikt over datoar fram til jul finn de på tavla i "Gatå" og på "Handelslaget" på Dale. Velkomen i klubben!!

*Her ser me dei fleste av "klubbjengen" ved sommar-avslutninga i prestegardshagen i år.*

## RADIO VAKSDAL

Midt i November vert det prøvesendingar med Radio Vaksdal på Dale. Det vert lokale innslag, og mykje song og musikk. Nærare opplysingar om radioen kjem i Vaksdal Posten

## UT AV SOFAEN

Det siste Jesus gjorde på jorda, var å gje læresveinane ein ordre: "Gå difor ut! Gjer alle folkeslag til læresveinar!". Dersom du vil vera Jesu læresvein, må du lyda ordren. Gå difor ut! Ver med i kampen! Her gjeld det å få mange med på vegen: Born, ungdom, vaksne og gamle. Det står kamp om kvar menneskesjel.

Omvending til Gud er ikkje berre heilomvending. Det er heilomvending - marsj! Går du med?

Symbolet for den kristne trua er ikkje ei sovepute, men ein kross.

Kjell Arne Norum.

## NYTT FRÅ SOKNERÅDA VAKSDAL

### NY STEINGARD

Ved Vaksdal kyrkjegard er det komen ein ny og fin steingard langs den nyaste delen av kyrkjegarden. Det vil òg koma ein port i smijern.

### ORGELET BILLEGARE

Orgelet på Vaksdal vart nesten 100.000 kr. billegare enn ein rekna med. Dermed vert det ei innsparing på 77.000 kr. i den kommunale løyvinga

## STOFF TIL NESTE NR.

Grunna at julenummeret tek lengre tid både trykkemessing og i posten må stoff vera redaktøren i hende **16. november**. Redaktøren vil spesielt be om at melding om julefestar vert sende inn.

*Ragnvald.*






*TV-aksjonen for  
psykisk helse  
8. nov. 1992*

### PSYKISK HELSE

1992 er «Året for psykisk helse». I år er det forskning i psykisk helse som er tildelt innsamlingsaksjonen i radio og TV. Innsamlinga skal føregå søndag 8. november. Psykiske lidningar er folkesjukdomen ingen snakkar om. Det er så mykje usagt, så mykje hemmeleg og så mange myter om psykiske plager, skriv Bente Riise i informasjonsavisa for aksjonen.

I Vaksdal kommune er det helse og sosialetaten som står bak innsamlinga med Finn Sæterdal som formann. Idrettsalga i kommunen har teke på seg oppgåva med å vera bøsseberarar. Så då får me vona dei vert vel mottekne i heimane.



### Herifrå til Betlehem på verseføter

#### Adventskalender for heile familien 1992

For mest 2000 år sidan var Betlehem verdas midtpunkt. Årets adventskalender tek alle folkeslag med til Betlehem, der vi ved slutten av reisa samlar oss om Jesusbarnet. Kalenderen kostar 30 kroner, og kan tingast frå kretskontore til

Det norske Misjonsselskap,  
Den norske Santalmisjon,  
og Den norske Israelmisjon.  
Kalenderen kan ein og kjøpa i bokhandelen. Bak kalenderen står dei nemnde misjonsorganisasjonane og Kyrkjerådet.

### ANNONSE

#### VED TIL SALS

kr. 63,- pr. sekk, kr 40,- for småsekk (20 cm).  
Kvantumsrabatt. Fritt tilkøyr.

Aage Lavik, Tlf. 05 59 58 11.

### Vaksdal prestegjeld

Sokneprest  
Inge Christian Meidell tlf.05 59 61 20  
Res.kap. Kjell Arne Norum  
tlf.05 59 70 88 Mobiltlf.: 090-02992.  
Hugs, måndag er presten sin fridag.

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda

Bladpengar: Kr. 60,-

Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp.mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten, 5273

Stanghelle. Tlf. 05 59 51 81

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270

Vaksdal. Tlf. 05 59 70 32

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610,

Øystese. Tlf. 05 55 50 45.

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese.

### ER DU FRAKK- OG LUE-LAUS

Dale kyrkje har det i mange månader lagt ein herre-poplinsfrakke, beige med mønstra fôr. Merket er Tielar, Made in Finland, str. 48/38. Frakken har belte, skulderstropper og bærestykke, og den er i god stand. Saman med den er det ei grå sixpence lue i ull/flanell. Det er ikkje noko som kan setja oss på sporet av eigaren, anna enn at det i lomma ligg salmehefte frå gravferda til Joannes Stanghelle 31. oktober 1991. Dei som veit noko om kven eigaren kan vera, kan ta kontakt med prestekontoret på Dale, eller kyrkjetenar Ove Alvheim eller klokkar Eli Kringlebotten.

### SLEKTERS GANG

#### Døypte



#### DALE

20.09 Stian Vattle  
20.09 Benjamin Sellevold  
20.09 Kristi Jane Kjelby  
20.09 Ingeborg Ese Haga

#### STAMNES

20.04 André Dæmring Hagen  
23.08 Anne-Kristine Bryn

#### VAKSDAL

30.08 Nikolai Hanevik

#### Vigde



#### DALE

28.08 Turid Dahle og Bjarte Krokås

#### VAKSDAL

12.09 Odd Kåre Alvheim og Marit Mjelde

#### Avlidne

#### DALE

18.08 Martha Olsnes f.1905  
21.08 Reidar Kristiansen f.1929  
24.08 Lasse Karstensen f.1992  
29.08 Håkon Johannes Skjerve f.1920  
30.08 Steffen Martin Viksund f.1905  
12.09 Inger Alfrida Hjertås f.1908  
13.09 Martha Leiro f.1912  
23.09 Kristina Loftås f.1895

#### BERGSDALEN

14.09 Elisa Brekke f.1901

#### EIDSLAND

24.08 Svanhild Norheim f.1944

#### EKSINGEDALEN

19.09 Rakel Høvik f.1899

#### VAKSDAL

04.09 Petra Amalie Rødberg f. 1903

...at me må læra å  
telja våre dagar, så me  
kan få visdom i hjarta.

# VELKOMEN TIL KYRKJE

## 1. November - Helgemessesøndag

### STANGHELLE kl.11.

Meidell.Nattverd. Offer til kristent arb.bl. blinde.

### NESHEIM kl. 11.

Vikarprest Skeie. Nattv. Offer til Fagertun leirstad.

## 8. november - 22. søndag etter pinse

### DALE kl. 11.

Fam.gudst.Norum.Offer til Hjemmenes Dåpsring.Utdeling av "Barnas Kyrkjebok" til 4 åringar.

### VAKSDAL kl.11.

Fam.gudst.Meidell.Utdeling av "Barnas Kyrkjebok".

## 15.november - 23. søndag etter pinse

### STAMNES KL.11.

Fam.gudst.Norum.Offer til AAN.Utdeling av "Barnas Kyrkjebok".

### BERGSDALEN kl.11.

Meidell.Nattverd.Offer til Den Norske Sjømannsmisjon.

### EKSINGEDALEN kl. 16.

Norum.Nattverd.Offer til Det Norske Misjonsselskap.

## 22.november - Siste sønd. i kyrkjeåret.

### DALE kl.11.

Vikarprest Skeie.Nattverd.Offer til Nordhordland Indremisjon.

### EIDSLAND kl.11.

Norum.Nattv.Offer til Den Norske Sjømannsmisjon.

### VAKSDAL kl.18.

Norum.Nattverd.Offer til Den Norske Tibetmisjon.

## 29. nobvember - 1. søndag i advent.

### STAMNES kl.11.

Norum. Nattv. Offer til KFUK-speidarane i Stamnes.



### NESHEIM kl.11.

Lovsongsgudst.Meidell.Nattverd.Offer til Redd Barna. Soknemøte om dåpsopplæringsplanen.

### DALE kl.18.

Lysmesse.Meidell.

## 6.desember - 2. søndag i advent.

### STANGHELLE kl.11.

Meidell.Nattverd.Offer til Mellomkirkelig Råd.

### VAKSDAL kl.18.

Lysmesse.Norum.Offer til Veggteppe i Vaksdal kyrkje.

## Laurdag 12. desember

### STAMNES kl.17.

Lysmesse/konsert.Meidell. Offer til Stamnes Ungdomskor/Ving.

## 13.desember - 3. søndag i advent.

### BERGSDALEN kl.16.

Lysmesse.Norum.Utdeling av "Barnas Kyrkjebok".

### DALE kl.19.

Konsert.Meidell.

## 20.desember - 4. søndag i advent.

### EIDSLAND kl.11.

Fam.gudst./konsert.Meidell.Offer til Det Norske Misjonsselskap.

### EKSINGEDALEN kl.16.

Lysmesse.Norum

VAKSDAL kl.19.Konsert.Norum.